



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEBOK

Møtestad: Rådhuset i Ølen
Dato: 14.01.26
Tidspunkt: kl 16

Medlemmer:	Steinar Sørhus, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, leiar Dag Tormod Milje, geistleg representant, nestleiar Arne Tveit, Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd Ola Alne, Ølen og Bjoa sokneråd Lars Bernhard Skipevåg, Imsland sokneråd Harald Olav Stuhaug, Sandeid sokneråd Asle Dagsland, kommunal representant Karianne Dagsland, Skjold, Vats, Vikebygd sokneråd Bjørghild Vetarhus, Vikedal sokneråd
------------	---

Alle møtte til møte

--	--

Kyrkjerverje: Grethe Halvorsen

3. søndag i openberringstida

18.1.2026 Evangelietekst Johannes 2,1–11

Bryllaupet i Kana

1 Tredje dagen var det eit bryllaup i Kana i Galilea. Mor til Jesus var der.
2 Også Jesus og læresveinane hans var bedne. 3 Då det var slutt på vinen, sa Jesu mor til han: «Dei har ikkje meir vin.» 4 «Kva vil du meg, kvinne?» svara Jesus. «Min time er enno ikkje komen.» 5 Då sa mor hans til tenarane: «Det han seier dykk, skal de gjera.» 6 No stod det seks vasskar av stein der, slike som blir nytta i reinsingsskikkane til jødane. Kvart av dei tok to eller tre anker. 7 «Fyll kara med vatn», sa Jesus. Og tenarane fylte dei til randa. 8 Så sa han til dei: «Aus no opp og ber det til kjøkemeisteren.» Det gjorde dei. 9 Kjøkemeisteren smaka på vatnet, som hadde vorte til vin. Han visste ikkje kvar vinen kom frå, men tenarane som hadde aust opp vatnet, visste det. Då ropa han på brudgomen 10 og sa: «Alle andre set først fram den gode vinen, og når gjestene er drukne, kjem dei med den som er dårlegare. Du har gøymt den gode vinen til no.» 11 Dette var det første teiknet Jesus gjorde; det var i Kana i Galilea. Han openberra sin herlegdom, og læresveinane hans trudde på han.



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
* Saksliste	Fellestrådet	14.01.26

Saksliste:

01/26	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ SIST MØTE
02/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
03/26	REFERATSAKER
04/26	ORIENTERINGSSAKER
05/26	VEDTAK BUDSJETT 2026
06/26	VEDTAK MØTEPLAN 2026
07/26	ARBEID MED TILTAKSPLAN 2026
08/26	PLAN FOR NESTE FELLESRÅDSMØTE (ALLE SOKNERÅDA)
09/26	Svar på søknaden om representasjon i nytt fellestråd (denne saka kom med etter at sakslista var sendt ut)



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
01/26	Fellestrådet	14.01.26

GODKJENNING AV MØTEBOK

Kyrkjevevja tilrår:

Møtebok frå sist møte vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Møteboka frå sist blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
02/26	Fellestrådet	14.01.26

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kyrkjevevja tilrår:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste blei godkjend.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
03/26	Fellestrådet	14.01.26

REFERATSAKER

03/26-1 Tak over inngangsdør i Ølen kyrkje.

Det er no laga ein ny søknad og nye teikningar. Søknaden vil bli sendt inn så snart som mogeleg.

03/26-2 Samanslåingsprosessen mellom Tysvær og Vindafjord Kyrkjelege Fellestråd

Det har vore møte mellom prosjektsekretær, kyrkjeverjene og økonomisjefane og kommunedirektørane. Kommunedirektørane ser positivt på samanslåinga, men kan ikkje garantera framtidige løyvingar. Det blei skrive ned nokre punkter som skal gjelde ved ei evt. samanslåing (sjå vedlegg) Det var og møte i Fellestranda 7.jan. Referat vil bli sendt ut.

03/26-3 Søknad representasjon til nytt fellestråd

Det er no søkt Kyrkjerådet om dispensasjon frå regelverket når det gjeld representasjon i eit evt felles Fellestråd. (Det kom svar på denne søknaden 14.01.26. Sjå sak 09/26)

Sakene blei tekne til orientering



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
04/26	Fellestrådet	14.01.26

ORIENTERINGSSAKER

04/26 – 01 Økonomirapport

Me vil gå med underskot i 2025. Men dette er eit varsla meirforbruk. Per no ser det ut som underskotet er på 600 000 kr. Kostnadar til gravferder og kremasjonar er ein del høgare enn budsjettert. Det same er vedlikehald på bygningar. Me har fått inn 240 000 kr mindre på festeavgifter enn budsjettert. Avgifter, gebyr og lisensar har og overskride budsjettert ein del i 2025.

04/26 – 02 Straumforbruket i kyrkjene

I november brukte me til saman 100 000 kr i straum på kyrkjene. Det går mest til Skjold kyrkje, men det er og den som er mest i bruk, og det står varme på heile tida. (27 000 kr) Vikedal bruker for mykje straum i forhold til bruken. (20 000 kr) Elles ligg dei andre kyrkjene på eit straumforbruk mellom 8-12 000.

04/26 – 03 Tid for å vurdere soknerådsstrukturen?

Bispedømme sender ut eit skriv der dei oppfordrar sokneråd og fellestråd til å spørje seg om soknestrukturen i dag bør vera den same i neste periode. (sjå vedlegg) Imsland og Vikedal er i tenkeboksen, og vil sjå nærare på dette. Dei skal ha møte i mars.

04/26 – 04 Branntilsyn

Det blir branntilsyn i fleire kyrkjer 15.jan. Kyrkjeverje og fellestrådsleiar er med.

05/26-05 Nominasjon av kyrkjeverjer til digitaliseringsutvalet

Kirkemøtet har vedteke at det skal opprettast eit digitaliseringsutval til erstatning for dagens digitaliseringsstyre. Dei ber alle fellestråd om å bidra aktivt i nominasjonsprosessen og sette seg inn i dagens samstyremodell for digitaliseringsarbeidet i den norske kirke. (sjå vedlegg)

06/26-06 Universell utforming Vats kyrkje – byggjeleiar

Me skal snart i gong med universell utforming i Vats kyrkje. Det må utnemnast ein byggjeleiar og ein komite for dette prosjektet. Kyrkjeverja og Fellestrådsleiar ordna dette.

07/26-06 Testamentarisk g ve fr  Arne D ske i 2013 til Imsland kyrkje.

Det blei testamentert ei g ve p  200 000 kr til Imsland kyrkje i 2013. Desse pengane skulle st  p  ein konto, og rentene skulle brukast til vedlikehald p  Imsland kyrkje. Pengane blei sett inn p  ein Fondskonto i Fellesr det sitt rekneskap. Det blei etterlyst kor mykje renter som var opptent p  denne kontoen sidan 2013. Kyrkjeverja tek dette opp med  konomiavdelinga. Det b r komme fram kor mykje Imsland har i renteinntekter p  denne kontoen, og Imsland kyrkje b r ha ein fordel, dersom det trengs pengar til vedlikehald p  denne kyrkja.

Sakene blei tekne til orientering



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
05/26	Fellestrådet	14.01.26

Vedtak av budsjett 2026

Under ser det budsjettet som blei vedteke av kommunen. Me fekk det me søkte om.

Investering

300 000 kr til årleg investering (som tidlegare) og 1 000 000 kr til universell utforming i Vats.

	Budsjett 2026	Budsjett 2025	Regnskap 2024
Investeringer i anleggsmidler	1 300 000		1 102 124
Kalk. utgift ved komm. tj.ytingsavtale, tilskudd mv.			
Renteutgifter, låneomkostninger			
Avdrag på lån			
Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	30 000		24 574
Avsetninger			
Årets finansieringsbehov	1 330 000	-	1 126 698
Finansiert slik:			
Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend. mv.			
Refusjoner/Overføringer			216 911
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale			
Tilskudd til investeringer	1 300 000		885 213
Renteinntekter og utbytte			
Bruk av lånemidler			
Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)			
Sum ekstern finansiering	1 300 000	-	1 102 124
Overført fra driftsbudsjettet	30 000		
Bruk av avsetninger			
Sum finansiering	30 000	-	-
Udekket/udisponert = 0	-	-	24 574

På driftsbudsjettet fekk me 7 424 800 i kommunalt tilskot. Det er 3,5% prisjustering (deflator), og eit ekstra tilskot til IKT-tenestane som me no må betala sjølve.

Budsjettskjema - Driftsbudsjett

	Budsjett 2026		Budsjett 2025		Rekneskap 2024
Inntekter					
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter	1 372 000		1 370 000		1 147 761
Sal av driftsmidlar	-		-		-
Refusjonar/overføringar	1 067 000		1 100 000		3 007 023
Kalk. inntekt ved komm. t.ytingsavtale	550 000		495 000		456 600
Statlege tilskot	-		840 000		-
Tilskot frå rettssubjektet Den norske kyrkje	880 000		-		842 000
Rammeoverføring/tilskot frå eigen kommune	7 424 800		7 015 000		7 458 000
Tilskot frå soknet sine organar	5 000		-		14 673
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	151 000		180 000		192 764
Sum driftsinntekter	11 449 800		11 000 000		13 118 821
Utgifter					
Lønn og sosiale utgifter	6 193 000		5 859 410		5 367 391
Kjøp av varer og tenester	3 986 700		4 055 590		6 107 069
Refusjonar/overføringar	765 000		800 000		1 222 235
Kalk. utg. ved komm. t.ytingsavtale	550 000		495 000		456 600
Tilskot og gåver	-		-		-
Sum driftsutgifter:	11 494 700		11 210 000		13 153 295
Brutto driftsresultat:	-	44 900	-	210 000	-
34 474					
Renteinntekter og utbytte	75 000		110 000		114 976
Mottatte avdrag på utlån	-		-		-
Utlån, kjøp av aksjar, andeler o.l.	-		-		-
Renteutgifter og låneomkostn.	-		-		-
Avdrag på lån	-		-		-
Netto finansinntekter/-utgifter	75 000		110 000		114 976
Avskrivingar	950 000		-		955 869
Motpost avskrivingar	-	950 000	-	-	955 869
Netto driftsresultat	30 100	-	100 000		80 502
Interne finansieringstransaksjoner:					
Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-		-		-
Bruk av ubunde fond	-		100 000		919 604
Bruk av bundne fond	-		-		348 961
Sum bruk av avsettinger	-		100 000		1 268 565
Avsett til dekning av meirforbruk frå tidlegere år	-		-		919 604
Avsatt til ubunde fond	-		-		152 166
Avsatt til bundne fond	-		-		213 447
Overført til investeringsrekneskapen	30 100		-		-
Sum avsettingar	30 100		-		1 285 217
MEIRFORBRUK / MINDREFORBRUK	-		-		63 850

Kyrkjeverja tilrår: Å vedta budsjettet for 2026

Samrøystes vedtak: Budsjettet blei vedtatt



Saknr.	Råd/utval	Møtedato
06/26	Fellestrådet	14.01.26

Vedtak møteplan for 2026

Her er møteplan for FR og AU for 2026.

Møteplan Fellestrådet og forslag til møteplan for AU 2026

DATO	FELLESRÅD kl 16 Rådhuset	AU kl 15 Skjold kyrkje
14.jan	Budsjett 2026 Tiltaksplan for året	6.jan
4.mars	Felles for alle sokneråd	17.febr
29.april	Årsmelding 2025 Rekneskap 2025	22.april
3.juni	Revisjon av tiltaksplan Forslag budsjettframlegg 2027	20.mai
Sommarferie		
2.sept	Budsjettframlegg 2027 til kommunen	26.aug
14.okt		7.okt (Haustferie?)
25.nov	Val/konstituering? Ny møteplan	18.okt

FASTE POSTAR:

Økonomirapport

Fellesnemd, samanslåing

Kyrkjeverja tilrår: Å vedta møteplanen

Samrøystes vedtak: Møteplanen blei godkjend.



VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
07/26	Fellestrådet	14.01.26

Tiltaksplan

Kva skal vera med på tiltaksplanen for 2026?

Fellestrådet jobbar med lista og prioriterer rekkefølge.

Tiltaksplan for Vindafjord kyrkjelege fellestråd 2026

Tiltak	Merknad	Prisoverslag
Nye dører Vikedal kyrkje	Er på veg	190 000,-
Sandeid kyrkje, ny bordkledning tårn		200 000,-
Universell utforming Vats		1 mill i investeringsmidler
Vats kyrkje, lekkasje pipe, vinduer og vannrør		
Lekkasje Vikebygd kyrkje kjøkkenet		
Tak over inngang Ølen kyrkje		50 000,- + eigeninnsats
Minnelund Skjold		
Minnelund Sandeid		
Minnelund Vats	Anonym gåve	
Nytt kjøkken Vikebygd	Midler frå stiftelse	
Bårehus Ølen kyrkjegard		
Bårehus Skjold kyrkjegard		
Orgel Vikedal, reparasjon		
Oppussing Vikedal, tilstandsrapport		
Vikedal gravplass, drenering		5 000 000,-
Ølen gravplass, utviding	Kommune-sak	
Bjoa kyrkje, fikse utedør		
Enøk.tiltak (varmepumper? SD-anlegg?)		
El. Ringesystem - Vikebygd		

Møtehandsaming: Planen blei diskutert og nye saker blei tilført. Bør ein ha med plan for maling av kyrkjene? Plan for tilsyn på orglene bør og inn i ein slik plan.

Samrøystes vedtak: Lista står slik ho er, men skal gjelde for fleire år framover. Kyrkjevevja finn prisar på dei enkelte sakene og lagar ei prioritert rekkefølge til neste møte.



**VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD**

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
08/26	Fellesrådet	14.01.26

Planlegging av neste Fellesmøte, som er for alle sokneråd

Tidspunkt: 4.mars kl 18.30

Stad: Kyrkjetunet Ølen ?

Innhald:

* Opning eller avslutning i kyrkja

*Samanslåingsprosessen mellom Tysvær og Vindafjord

*Distribusjon av Hyrdingen (Steinar Skartland (redaktør) blir med)

*Ute-dugnad i kvart sokn

MAT

Møtehandsaming:

Det kom forslag om at Ølen sokneråd er vertskap for dette møtet i år, då det kanskje var dei som stod for tur. Ein blei einige om å spørje prestane om å ha eit innslag til inspirasjon og motivasjon. Kyrkjeverja tek kontakt med soknerådsleiar i Ølen for planlegging, og sender ut invitasjonar.

Det kan vera lurt å leggja fram eit forslag om dugnadsarbeid, dersom ein skal ha det som sak. Kyrkjeverja ser på dette.

Samrøystes vedtak:

Planen for fellesmøtet 4.mars blei godkjend.



VINDAFJORD KYRKJELEGE
FELLESRÅD

Arkiv
Mappe
Saksh.

Saknr.	Råd/utval	Møtedato
09/26	Fellestrådet	14.01.26

Denne saka kom inn same dag som fellestrådsmøtet vart halde, og stod derfor ikkje i innkallinga.

Svar på søknaden om representasjon i nytt fellestråd

14.januar kom det svar på søknaden om unnatak frå kyrkjelova i samband med samanslåinga med Tysvær fellestråd. Me fekk ikkje innvilga søknaden. Kyrkjerådet har vurdert søknaden, og konkludert med at dei ikkje har mynde til å innvilge ein slik søknad. Dei grunngir dette med at etter normalordninga skal kvart sokn ha sitt eige sokneråd og kvart sokneråd skal ha sin representant i kyrkjeleg fellestråd.

Møtehandsaming:

Fellestrådet var ikkje nøgde med dette svaret, og diskuterte om ein kunne klaga på dette vedtaket.

Samrøystes vedtak:

Fellestrådet tek saka til orientering, men ber kyrkjevevja og fellestrådsleiar om å gå vidare med denne saka, og undersøkje om dette kan påklagast.

Neste møte: Fellestrådmøte for alle sokn 4.mars